


NORSK SJØFUGLSENER RAPPORT 2017



Innhald:

- 1) Innleiing
- 2) Arbeidsplan for 2017
- 3) Samarbeidet med Destinasjon Vest AS
- 4) Utvikling av informasjons/aktivitetspakkar for skuleklassar
- 5) Samarbeide med fylkesmannen om verneforvaltning og informasjonsarbeid
- 6) Samarbeid med Destinasjon Vest og Grethe Hillersøy om utvikling av ei utstilling som handlar om marint søppel og konsekvensar for dyr og fuglar
- 7) Samarbeid med det nyoppretta Fjordkysten Friluftsråd
- 8) Synleggjere sjøfuglsenteret regionalt og nasjonalt for å skaffe midlar til drift.
- 9) Tekniske investeringar og teknisk drift

1) Innleiing

I 2017 har styret i stiftinga Norsk Sjøfuglsenter arbeidd med å prøve ut aktivitetar som gjev moglegheit for ei viss inntening for senteret. Vi ser at den interaktive utstillinga ikkje er nok for å trekkje publikum. Grunnen til dette er at «nyhetens interesse» er over for mange og at utstillinga har hatt og har store tekniske utfordringar. Vi har konkludert med at vi må tilføre ein meirverdi til dei besøkande i form av den formidlinga vi kan gjere sjølv og som ikkje er avhengig av om installasjonane virkar eller ikkje. Vi hadde fylgjande arbeidsplan for 2017:

2) Arbeidsplan for 2017

«Med det avgrensa inntekspotensialet som ligg i billettinntekter frå sjøfuglsenteret, har styret valt å konsentrere seg om seks ulike utviklingsområde framover

- 1. Samarbeide med Destinasjon Vest AS om utarbeiding og sal av besøkspakkar for grupper der betalt omvising i Sjøfuglsenteret inngår.*
- 2. Vidareutvikle naturinformasjonspakkar til tilreisande skuleklassar som vil lære om kystnaturen.*
- 3. Samarbeide med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om verneforvaltning og informasjonsarbeid.*
- 4. Samarbeide med Destinasjon Vest og Grete Hillersøy om utvikling av ei utstilling som handlar om marint søppel og konsekvensar for dyr og fuglar.*
- 5. Samarbeide med det nyoppretta Fjordkysten Friluftsråd.*
- 6. Synleggjere sjøfuglsenteret regionalt og nasjonalt for å skaffe midlar til drift.*

3) Samarbeidet med Destinasjon Vest AS

Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter sitt arbeidsutval og Destinasjon Vest AS ved dagleg leiar Lena Riisnes, har hatt eit tett og positivt i 2017. Dette samarbeidet har vore avgjerande for å få utvikla og marknadsført dei aktivitetane vi har hatt. Destinasjon Vest har utvikla informasjonsmateriell og marknadsført aktivitetane våre i sine kanalar.



4) Utvikling av informasjonspakkar til skuleklassar



På sjøfulgsenteret: Her tilbyr vi no ei 3 timars økt for om lag 25 elevar i gongen. Økta er sett saman av desse delane:

- a) Informasjon om kvifor og korleis Norsk Sjøfuglsenter kom på plass (Sørværet Naturreservat og sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.
- b) Orientering om utstillinga og dei ulike installasjonane
- c) Orientering om «Plast i Havet» som blir avslutta med filmar av marinbiolog Grethe Hillersøy.
- d) Elevane får utforske utstillinga på eiga hand.
- e) Stasjonsarbeid. Her har vi 8-9 ulike stasjonar der elevane skal jobbe på grupper for å skaffe seg meir kunnskap og bidra med sine tankar omkring dei emna utstillinga tek opp. Eit sentral tanke er at elevane sine bidrag skal visast fram og vere synlege i senteret. (For meir detaljar om stasjonsarbeidet, sjå vedlegget.)
- f) Vi avsluttar med kahoot, der gruppene får vist fram litt av den kunnskapen sin om sjøfugl og plast i havet. Vinnargruppa får med seg ein premie i form av peparkakeformer med form som «Alden».
- g)

Grethe Hillersøy har i lag med Norsk Sjøfuglsenter, Bulandet skule og den Naturlege Skulesekken utvikla eit opplegg omkring tang og tare som kan takast i bruk av besøkande skuleklassar (sjå vedlagd rapport).

5) Samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om verneforvaltning og informasjonsarbeid



Anders Braanaas har leia beiteprosjekt i samarbeid med villsau-bønder i nærområdet. Han har også samarbeidd med friluftsgruppa ved Bulandet skule om fjerning av framande artar i Sørværet Naturreservat (brenning av sitkagran og buskfuru).

Når det gjeld informasjon om sjøfuglane sin situasjon i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane har vi fått oppdatert informasjon frå Tore Larsen. Denne informasjonen har vi gjort tilgjengeleg som ein del av utstillinga. Dette er fordi den siste informasjonen som blir formidla i den digitale delen av utstillinga er frå 2010.

6) Samarbeid med Destinasjon Vest og Grethe Hillersøy om utvikling av ei utstilling som handlar om marint søppel og konsekvensar for dyr og fuglar



I andre etasje på sjøfuglsenteret har vi laga ei utstilling som viser problemet med marint søppel. Utstillinga består av desse elementa:

- a) «Søppelgardin». Her har vi eit bilete av ein fiskestim med ei gardin av små plastbitar framfor.
- b) Bilete av mikroplast på ei strand
- c) Bilete av havsuler og ein kråkebolle som har fått problem som følge av plast-ureining.
- d) Søppel som er vanleg å finne på strendene her omkring
- e) Havuleskjelett og hjortekranie. Begge daude på grunn av plastureining.
- f) Take Your Shoes Off Naturformidling v/Grethe Hillersøy sine to filmar «Oceans of Plastic» og «Clean a Beach»
- g) Mikroplast samla på ei krukke og mikroplast i form av skrubbekrem.
- h) Tekst til kvar installasjon produsert av Grethe Hillersøy

I august hadde vi fleire omvisingar for å vise fram den nye utstillinga. Vi tok billetter. Tilbakemeldinga på den nye utstillinga var svært gode.

Vi søkte Sparebankstiftinga om midlar til å dekke 10 000 kroner av kostnadane ved å lage denne utstillinga, men vi fekk avslag på søknaden.

7) Samarbeid med det nyoppretta Fjordkysten Friluftsråd.



Her har vi delteke i fleire ryddeaksjonar. Norsk Sjøfuglsenter har fått godtgjort kostnader ved administrasjon og organisering av aksjonar.


8) Synleggjere sjøfuglsenteret regionalt og nasjonalt for å skaffe midlar til drift.



I august hadde senteret miljøvernminister Vidar Helgesen (H) på besøk. Han fekk god informasjon om stoda for sjøfuglane, sjøfuglsenteret og om marin forsøpling. Han vart også informert om arbeidet med skjøtsel av kystlyngheia og villsau. Senterpartiet med Liv Signe Navarsete var også på senteret og fekk informasjon om arbeidet og utfordringane våre.

I september deltok Norsk Sjøfuglsenter på Teaterfestivalen i Dale. Kvart år har Teaterfestivalen eit særskilt tema som dei utforskar ulike sider av. I år var temaet [«Antropocen»](#). Her bidrog sjøfuglsenteret med å delta i paneldebatt, i diskusjonsgrupper og vi hadde ein stand for å marknadsføre den nye utstillinga vår «Plast i Havet».

9) Tekniske investeringar og teknisk drift



I 2017 har Norsk Sjøfuglsenter gått over frå ADSL til fiberløysing for internett. Det er heilt avgjerande for senteret å ha ei stabil nettløysing. Dette er fordi installasjonane blir vedlikehaldne frå Island. Drifta av den nye fiberløysinga som vi er heilt avhengige av er svært dyr. Den kostar 1950 kroner pr månad. Vi gjorde eit forsøk på å inngå avtale med Eninvest AS om å dele nett med Værlandet Gjestehamn, men det fekk vi ikkje. Sjølve installasjonen kosta 2000 kroner. Drifta av fibernettet vil koste oss nesten 30 000 kroner pr. år inkl. mva.

Sjølv om vi har godt nett inn og ut frå bygget no, har vi problem med det interne nettverket. Dette gjer at islendingane ikkje får komme til alle maskinene for å rette opp problem. For å få dette ordna er vi avhengige av at kompetente menneske kan komme på staden og ordne dei interne nettverksproblema på **dugnad**.

Stiftinga Alvhild Værøys Minne til Værlandets Vel har kjøpt eit stort tv, ein lydplanke og ei datamaskin som vi no brukar i utstillinga vår. Vi viser filmar og køyrer til dømes presentasjonar og quizar frå dei. Det fungerer svært bra. Det er også ein fordel at dette utstyret er tilgjengeleg for alle aktørane som nyttar dette rommet.

10) Liste over aktivitetane på Norsk Sjøfuglsenter til no i 2017

28. april	I samband med allmøtet hadde Anders Braanaas ein presentasjon om fuglelivet på øyane. Presentasjonen var open for alle og var godt besøkt av fastbuande og nokre som var gjestar på Havhotellet.
april	«Rovfisklaget» (ein gjeng med karar på tur). Hilde Buer hadde presentasjon av villsau og kystlynghei for desse.
April/mai	Hilde Buer har hatt 3 presentasjonar for turistar frå Hurtigruta som har vore på Værlandet
	Anders Braanaas har hatt United World College med seg
	Planavdelinga i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Anders hadde dei med seg på Høgkletten.
	Norsk Ornitologisk Foreining ved Bergen lokallag og Sogn og Fjordane fylkeslag
	Musea i Nordhordland: Hilde og Anders
Mai	Helsesektoren i Solund. Linda hadde omvising med dei på senteret og påfølgjande quiz.
August	Basecamp med ungdomsavdelinga til Sogn og Fjordane Turlag (Anders og Hilde)
	Politikarbesøk
	Omvisingar (lokalbefolkning og tilreisande – presentasjon av den nye utstillinga)
September	Deltaking på Teaterfestivalen i Dale (Linda, Synnøve og Per Arne)
Oktober	NIBIO
	Sunnfjord Folkehøgskule. Omvising i senteret og strandrydding dagen etter (Linda og Anders)
	Olympus kamera og Lihesten Vertskap. Gruppe med 25 naturfotografar og selgarar. Omvising i senteret og guida tur i Sørværet Naturreservat (6 timar ved Linda)
	Holmedal Montessoriskule (full skulepakke ved Linda)
	Askvoll skule (8.trinn, full skulepakke ved Linda)
	DNBliv tur ved Anders og Hilde.

